

## REFERAT FRÅ STYREMØTE I KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS

Tysdag 17.april.2018 kl 15.30

Kantina i Kvassnesvegen 52.

### Desse møtte:

- ✓ Jan – Åge Johannessen
- ✓ Leidulv Brunborg
- ✓ Jostein Hellestveit
- ✓ Kåre Østrem
- ✓ Henriette Stormark
- ✓ Irene Mariell Birkeland.
- ✓ Gunnlaug Dale

### Saksliste:

#### 07/08      **Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå møte tysdag 27.02.2018**

Dagleg leiar orienterte om at sakspapira vart sendt på mail 09. april. Fredag 13 april var papira ettersendt i posten. Tidlegare har det vore ein praksis at ein i tillegg til e-post og har vorte sendt sakspapir i posten.

Ein kom i møte fram til at sakspapira kan sendast på epost, men at dagleg leiar tek ut papirversjon til alle, og har desse klar til møte.

#### **Vedtak:**

Innkalling, saksliste og referat vart samrøystes vedteke, Innkalling til framtidige møter skjer via e-post, Saksdokument på papir vert delt ut i møte.

#### 08/18      **Orientering frå dagleg leiar:**

##### **Rekneskap fyrste kvartal.**

Samanlikna med same periode 2017 er auken i inntekter/ tilskot auka med 6,9 %

Driftskostnadane er redusert frå 20,4 % til 16% i 2018

Bokført resultat er forbetra med kr 307 000.- Bokført resultat viser eit underskot på kr 54 000, mot eit underskot på kr 361 000.- i 2017

Dagleg leiar har hatt fokus på tiltak som kan forbetre likviditeten i selskapet.

##### **Straumavtale ENEAS**

KIM har inngått innkjøpsavtale på straum med ENEAS. ENEAS kjøper inn 7 milliardar kWh straum på vegne av sine medlemsbedrifter.

##### **Framtidig IKT leverandør.**

Dagleg leiar er i samtale med 3 leverandørar av IKT tenester. Sikker lagring og infrastruktur/ generell IKT drift. Det vert lagt opp til at ein inngår kontrakt med leverandør innan kort tid.

### **Oppføring av Telemast**

Har nyleg hatt synfaring med Telenor og konsulent som skal administrere arbeidet. Planlagt oppstart av arbeidet i løpet av mai. KIM har rydda unna eigendelar osv frå området der det skal arbeidast.

### **Presentasjon av brukarundersøking ved KIM**

Det vart gjennomført ei brukarundersøking ved KIM sine VTA tilsette 7 og 8 mars 2018. Vernepleiestudentar frå høgskulen gjennomførte undersøkinga. Undersøkinga var lik for Aufera, Gløde, Einekavane og KIM.

Brukerundersøkinga viser at dei aller fleste av dei VTA tilsette trives godt eller særst godt med arbeidet sitt her på KIM. Brukerundersøkinga stemmer godt med korleis me andre tilsette sjølve opplever kvardagen her på KIM.

### **Orientering i kommunestyret 3 mai.**

Dagleg leiar er invitert til å halde ei orientering for kommunestyret 3 mai.

**09/18**

### **Generalforsamlinga 2018.**

Generalforsamlinga 2018 er sett til 24 mai. Innkalling med dagsorden, årsmelding og årsrekneskap vart gjennomgått.

Dagleg leiar orienterte om at revisor er kontakta i høve til revisor si melding. Leiar av valnemnda har og blitt kontakta, og det er sendt oversikt over kven det er som er på val til neste styreperiode.

**Vedtak:** Årsmelding, årsrekneskap og innkalling med dagsorden for Generalforsamling 2018 var vedteken.

**10/18**

### **Ymse**

Det kom ikkje saker opp som ymse i dette møte.

Styret

Jan-Åge Johannessen  
Styreleiar

Leidulv Brunborg  
Nestleiar

Jostein Hellestveit  
Medlem

Henriette Stormark  
Medlem

Irene Mariell Birkeland  
Medlem

Kåre Helge Østrem  
Medlem

Gunnlaug B. Dale  
Medlem